

MANDUKSJONAR I KONTRAKTSRETT

DEL I GRUNNLEGGJANDE SPØRSMÅL

1 INNLEIING

Målet med rettsstudiet:

”Den viktigste ferdigheten som skal oppøves er å lære å stille, analysere og løse spørsmål etter gjeldende rett. I tillegg må kandidatene ha god forståelse av og gode kunnskaper i en del sentrale rettsområder med ulike metodiske krav. Videre skal studieprogrammet oppøve evnen til kritisk å vurdere hvordan rettsspørsmål bør løses, som grunnlag for å kunne delta i utforming av lovgivning og kontrakter, og for å kunne ta standpunkt til godheten av gjeldende rett. ...Endelig skal studieprogrammet oppøve ferdighet i å framstille og formidle juridiske resonnementer, løsninger og råd i et enkelt, men likefullt godt og presist språk, både til andre juridiske yrkesutøvere og til rettsrådsøkende uten spesielle forkunnskaper.” (Utdrag frå programplanen)

Mål med manduksjonane:

Støtte opp om sluttarbeidet med kontraktsrettsfaget, sjå fagbeskrivelse og læringskrav, (Hagstrøm, Obligasjonsrett del I og II (til s. 655), og direktekrav s. 788 – 813, 2. utg. til s. 675 og s. 814-841)

Vise struktur, hovudtrekk og samanhengar i faget og forklare viktige vanskelege resonnement

Klargjere sentrale kontraktsrettslege omgrep

Prøve å vise balansen mellom dei ulike emna i faget

Ajournføre innhaldet i lærebøkene der det trengst

Kontraktars samfunnsmessige rolle

Oversyn over disposisjonen: Avsnitt 1 – 3, 4 – 9, 10 – 13, 14 – 30

Lovtekst og dommar (DS = domssamling)

Kva med eldre dommar?

Forholdet til lærebøkene og andre fag:

Hagstrøm

Hov

Knophs oversikt

Selvig/Lilleholt: Kjøpsrett?

Hagstrøm: Kjøpsrett?

Avtalerett Selskapsrett Tredjemannsfaga

2 PROBLEMSTILLINGAR OG METODESPØRSMÅL

2.1 *Kva er formålet med det generelle faget kontraktsrett*

Eksempel: Skilnaden mellom kjøpsrett og kontraktsrett

I kontraktsretten:

Analysere systematisk felles problemstillingar

Effektiv behandling av felles reglar

Finne felles eller samlande løysingar

Allmenne kontraktsrettslege (eller obligasjonsrettslege) prinsipp og grunnsetningar

Stort materiale og kompleks røyndom gjer at system og orden er viktig i eit slikt fag.

Korfor? For å kunne stille, analysere og løyse rettsspørsmål på best mogeleg måte.

Kva skal systemet byggje på? Mest på strukturen i den omfattande lovgivinga, elles på tradisjon og på det som er formålstenleg.

2.2 *Kontrakt er grunnleggjande ein topartsrelasjon der skyldnadene og ytingane heng saman*

Gjensidig tyngjande kontraktar

Samanheng på

- Inngåingsstadiet
- Oppfyltingsstadiet (inkl. omlegging)
- Kontraktsbrottsstadiet

Realyting mot pengar

Realyting mot realyting (byte)

Pengar mot pengar (pengelån)

2.3 *Kontraktsrettens rettskjeldelære*

Er kontraktar rettskjelder?

Det særskilt avtalte og kontraktsrettens rettsreglar verkar saman

Standardkontraktar for *forbrukarar* – massevarer og –tenester, einsidige og balanserte, jf ny marknadsføringslov 2009/2

Standardkontraktar for *profesjonelle* - kontraktsmalar

(1) Kontraktstolking, (2) lovtolking og (3) rettsbruk ved ulovfesta rett, verkar saman

Ikkje noko legalitetsprinsipp: Friare overlegningar enn i den offentlege retten

2.4 Utanlandsk materiale o.l.

EØS-retten forpliktar

Nordisk materiale

Bruk av anna utanlandsk materiale (lov og dom, andre tekstar)

Lausøyrekjøpskonvensjonen (CISG) (1980) – forarbeid til kjøpslova

Eksempel på bruk av CISG Rt. 2002 s. 1110 Bødum (DS) (s. 1120)

UNIDROIT Principles of International Commercial Contracts (1994 og 2004)

Principles of European Contract Law (PECL) (1995, 2000, 2003)

Draft Common Frame of Reference (DCFR), von Bar m.fl. (2008)

2.5 Omgrepsdefinisjonar

Nokre omgrepsdefinisjonar bør puggast: t.d. krav, skyldnad (bm.: forpliktelse), (real-)debitor, kreditor, kjøp, avbestilling, kontraktsbrot, naturaloppfylling, kreditormora, heving, frigjeringsstid, oppfyllingsstid

Lovomgrep og teoriomgrep

2.6 Typeinndeling av kontraktar

Norsk rett har ikkje eit komplett lovgitt system

Kvar lov har si avgrensing, gjerne bygd på tysk-romerske modellar, og noko på EØS-rett

Ulovfesta kontraktstypar

Ingen typetvang – full typefridom etter NL 5-1-2

Inndeling etter hovudskyldnader

Samansette kontraktstypar

2.7 Nokre utvalde kontraktstypar

Alle bør velje seg nokre (lovfesta eller ulovfesta) yndlingskontraktstypar

Kjøp:	Kjøpslova 1988/27, avhendingslova 1992/93, forbrukarkjøpslova 2002/34, kredittkjøpslova 1985/82
Entreprise:	Bustadoppføringslova 1997/43
Verkskontrakt:	Handverkartenestelova 1989/63
Transportavtalar:	Vegfraktavtalelova 1974/68, sjølova 1994/39 del IV (§§ 251 – 432), luftlova 1993/101 kap X
Arbeidsavtalar:	Arbeidsmiljølova 2005/62 kap. 14 og 15, sjømannslova 1975/18
Tingsleige:	Husleigelova 1999/17, tomtefestelova 1996/106
Finansavtalar:	Finansavtalelova 1999/46 (diverse kontraktstypar, inkl. kausjon)
Forsikring:	Forsikringsavtalelova 1989/69
Oppdragsavtalar:	Eigedomsmeklarlova 2007/73 kap. 6 og 7, agenturlova 1992/56, kommisjonslova 30. juni 1916 nr. 1
Selskapsavtalar:	Selskapslova 1985/83

2.8 Nokre gjennomgåande omsyn: Kontraktsfridom, samfunnskontroll og forbrukaromsyn

Kontraktsfridom NL 5-1-2, sml avtl. § 36 ”urimelig ... å gjøre ... gjeldende” avtalen.

Samfunnskontroll av standardkontraktar for forbrukarar (marknadsføringslova, 2009/2)

Samfunnskontroll av finansinstitusjonar og andre føretak: indirekte kontraktsvilkårskontroll (konesjonsordningar)

Samfunnskontroll av misbruk av marknadsmakt: konkurranserett kan vere kontroll av kontraktsinnhald (konkurranselova)

Forbrukaromsyn og preseptorisk verneavgiving

Kontraktsfridom og finanskrisa (finansielle produkt er kontraktar)

Marknadsideologi eller formyndarstat?

3 PARTSFORHOLD. FLEIRE ENN TO PARTAR

3.1 *Ein (gjensidig) kontrakt har alltid (minst) to partar*

Fysiske personar eller, svært ofte, juridiske personar

3.2 *Debitor og kreditor (skyldnar og kravshavar)*

Plikt til å gjere, tole eller unnlate noko

Ha krav på at nokon gjer, toler eller let vere noko

3.3 *Realdebitor (eller naturaldebitor)*

Den som skal yte anna enn pengar, eller tole eller unnlate noko

Gjeld ting og handlingar

3.4 *Realkreditor. Medverknadsplikter*

Medverknadsplikter er slike plikter som må oppfyllest for at debitor skal få oppfylle sin primærskyldnad

3.5 *Pengedebitor og pengekreditor*

Den som skylder pengar, og den som skal ha dei

3.6 *Kven er debitor for ein særskilt skyldnad?*

Stiftingsgrunnlaget avgjer

Konsernforhold – oppklaringsplikt

Representasjon (selskapsorgan, agent, kommisjon, fullmakt etc.)

I selskapsforhold, sjå Woxholth, Selskapsrett s. 192-200

3.7 *Fleire debitorar*

Samskyldnarformer, typisk for pengeskyldnader

Solidaransvar, jf gjeldsbrevl. § 2, selskapsl. § 2-4 første ledd

Kausjon er ein særleg type solidaransvar, sjå finansavtalel. §§ 69 og 71

Proratarisk ansvar, sjå selskapsl. § 2-4 tredje ledd

Alternativt ansvar, t.d. ved gjeldsovertaking

3.8 *Kven må konkret oppfylle? Oppfyllingshjelpar*

Hovudregel: Debitor kan bruke andre ved oppfyllinga av kontrakten

(Spørsmålet om kontraktshjelparansvar er eit spørsmål om culpavurderinga ved kontraktsbrotsansvar, sjå punkt 24.6)

Unntak: Krav til personleg innsats?

3.9 Fleire kreditorar

Eksempel: leige av hytte i lag, sml selskapsl. § 2-1 første ledd

3.10 Direktekrav

Kontraktsbrottskrav i relasjonen A – B – C

Kontrakt både mellom A og B og mellom B og C. C ønskjer å gjere eit krav gjeldande direkte mot A. Sjå punkt 29

DEL II KONTRAKTARS INNHALD

4 KONTRAKTSINNHALDSSPØRSMÅL

4.1 Korleis fastleggje innhaldet av ein kontrakt?

Fem operasjonar, sjå punkt 4.3 – 4.7

4.2 Innhaldet høyrer gjennomgåande til den spesielle kontraktsretten med sine ulike kontraktstypar

4.3 Tolking

Objektivt tolkingsprinsipp

Tre grunnleggjande element (tolkingsdata):

Ordlyd

Forarbeid og forhandlingar ("før ordlyden")

Etterfølgjande åtferd ("etter ordlyden")

Slutningar

Avveging

Tolkingsreglar

Sjå kjøpsl. § 89 andre ledd, jf første ledd andre og første punktum. Sjå Selvig/Lilleholt: Kjøpsrett s. 321-329

4.4 Bruk av preseptorisk innhaldslovgiving

Typisk forbrukarvern, t.d. fkjøpsl. § 3

Gjeld utan omsyn til kva som måtte vere avtalt

4.5 Kontraktsrevisjon

Revisjon gjeld tolkingsresultatet

Revisjonsgrunnlag: Avtl. § 36 og brestande føresetnader, sjå punkt 13

4.6 Utfylling med bruk av deklarasjonariske rettsreglar

Ein hovudteknikk i kontraktsretten

Dei deklarasjonariske reglane kan vere lovreglar eller ulovfesta rettsreglar, eller allmenne kontrakts- eller obligasjonsrettslege prinsipp, sjå punkt 2.1. og 2.3.

4.7 Utfylling med konkrete element frå kontraktsforholdet

Glidande overgang mot tolking

4.8 Innhaldet av ein kontrakt vil særleg vere ulike skyldnader (forpliktelser), og kopling av skyldnader

Primærskyldnader og sekundærskyldnader

Sett frå kreditorposisjonen er det ulike typar rettar, ofte kalt krav

I tillegg kan det i kontrakt vere nokre kompetansereglar

4.9 Ulike skyldnadstypar

Karakteren av dei einskilde skyldnadene kan grupperast i nokre hovudtypar

4.10 Oversikt over dei neste punkta

5 REALSKYLDNADER

5.1 Hovudskyldnader og sideskyldnader (biforpliktelser)

Hovudskyldnad: Typisk levere tingen og betale kjøpesummen i kjøp, i entreprise: byggje huset, i husleige: stille bustaden eller lokalet til rådvelde

Avgjerande for typeinndelinga av kontraktar

Sideskyldnader: varsling, ivaretaking etc

Eksempel kjøpsl. § 28, sml Rt. 1970 s. 1059 Knutelin

Sideskyldnader ofte basert på lojalitetsplikt eller generell utfylling

5.2 Resultatskyldnader og innsatsskyldnader (omsorgsskyldnader)

Resultatskyldnader er lett å forstå: framskaffe eit konkret konstaterbart resultat

Innsatsskyldnader: på forsvarleg måte gjere det som til vanleg trengst for å frambringe resultatet

Rt. 2000 s. 679 Ideal (DS) – finansiell rådgiving: Aktløyse som kontraktsbrot, sjå òg finansavtalel. § 89

Rt. 2004 s. 1887 (3-2) Multiconsult (DS): Forsømt rådgivaransvar ved moloprosjektering

Sjå Rt. 2010 s. 670 Nye Major – om framdriftsskyldnaden i bustadoppføringsl. § 10 tredje ledd – (ikkje ein ”kontrollansvarsregel”, betre å seie, ikkje ein resultatskyldnad), sml Rt 2010 s. 679 Krusesgate der HR konstaterte aktløyse ved framdrifta – full dagbot

Kva for skyldnadstype ein står overfor er prinsipielt eit spørsmål om å fastleggje innhaldet av kontrakten

5.3 Kontraktar med blanda resultat- og innsatselement

Stille på jobb i rett tid, gjere så godt ein kan.

5.4 Er skilnaden mellom generiske og spesies-skyldnader særleg viktig lenger?

Ikkje i bruk i lovgivinga, kan brukast ved gjennomtenking av ansvarsspørsmål

5.5 Inndeling etter oppfyllestid: Eingongsskyldnader, rateskyldnader og vedvarande skyldnader

Formålet med inndelingane

Eingongsskyldnader: oppfylling konsentrert om eit tidspunkt, t.d. levering

Rateskyldnader: Kvar (del-)oppfylling er ei gradvis avvikling av ein bestemt skyldnad – eksempel avbetalingskjøp, pengelån med avdrag, tidsavgrensa leigeavtalar

Vedvarande skyldnader: husleige, arbeidsavtale, avisabonnement – typisk kopla til oppseiingsrett

5.6 Generell utfyllingsregel til resultat: Vanleg god yting/vanleg god standard

Rt. 1998 s. 774 Videospelar (DS): ulovfesta mangelsomgrep ”alminnelig god vare”

No lovfesta i fkjøpsl. § 15 andre ledd (b)

5.7 Kompetansereglar i kontrakt

Kompetanse: evne til å fastleggje skyldnader (for andre)

Eksempel: Bustadoppføringsl. § 9 Endringar og tilleggsarbeid

6 KONTRAKTSINNHOLD: OPPLYSNINGSRISIKO OG BROTT PÅ OPPLYSNINGSPLIKT

6.1 Kontraktsinngåingselement i innhaldsspørsmålet

Dette er blitt praktisk viktig i kontraktsretten. Eit tilsynelatande ugyldigheitsspørsmål blir konvertert til mangelsspørsmål (med evt. kontraktsbrotsverknader).

Gjeld typisk kontrakt om individuelle ting

Hovudregelen er at kvar part har risikoen for sine forventningar og føresetnader.

Er avtl. § 33 (”redelighet og god tro”) eit utgangspunkt for unntak?

6.2 Uriktige motiverande opplysningar gitt av debitor før kontraktsinngåinga

Hagstrøm s. 131-133, 2. utg. s. 144-146

Gjennomgåande regulering: Kjøpsl. § 18 og § 19 første ledd a, handverkartenestel. § 18, avhendingsl. 3-8, jf § 3-9, bustadoppføringsl. § 27, fkjøpsl. § 16 (1) c

Avhendingslov § 3-8 Prisavslag

Rt. 2003 s. 612 Arealviktdommen (DS) (§ 3-8, jfr. § 3-3)

Kjøpsl. § 17 og § 18 første ledd

Rt. 2005 s. 257 EpiLight (DS) Hårfjerningsapparat verka ikkje på alle hårfargar

Rt. 2008 s. 976 Fellesgjeld i burettslag: Opplysningsprinsippa er meir generelle (avsnitt 29)

6.3 *Uriktige motiverande opplysningar gitt av andre enn debitor før kontraktsinngåinga*

Hagstrøm s. 133-134, 2. utg. s. 146-147

Kan kallast marknadsføringsansvar, jf Hagstrøm: Kjøpsrett s. 38

Gjennomgåande regulering: Kjøpsl. § 18 andre ledd, avhendingsl. 3-8 (1) andre punktum, jf § 3-9, bustadoppføringsl. § 27 første ledd b, fkjøpsl. § 16 andre ledd

6.4 *Mishalden opplysningsplikt og kreditors forventning*

Hagstrøm s. 135-153, 2. utg. s. 147-166

Gjennomgåande regulering kjøpsl. § 19 (1) b og avhendingsl. § 3-7 etc

Avhendingsl. § 3-7: Rt. 2001 s. 1241 Skøyen næringspark: Selskapet ”som sådant” hadde den relevante kunnskapen

6.5 *Forholdet til sal ”som den er”*

Avhendingsl. § 3-9

Rt. 2002 s. 1425 Bukkebo (DS): Opplyst om vanninntrengingsproblem

Rt. 2005 s. 1281 Badefeil, forholdet mellom avhl. § 3-2 andre ledd og § 3-9

Rt. 2010 s. 710 § 3-9, jf §§ 3-7 og 3-8

7 PENGESKYLDNADER

7.1 *Pengar. Tvingande betalingsmiddel*

Avtalt betaling i pengar: Kva er det?

Sentralbankl. 1985/28 § 14

7.2 *Pengeskyldnader i kontrakt som vederlag for realyting (omfang)*

Kva er avtalt

Utfylling med rekningsprinsipp?

Gjengs pris, jf kjøpsl. § 45, fkjøpsl. § 37, handverkartenestel. § 32 første og andre ledd, husleigel. § 4-1

Bustadoppføringsl. § 41 andre ledd – nødvendige kostnader og rimeleg påslag

I verkskontraktar ofte omfattande, kompliserte reguleringar

Pengeverdi over tid: ei krone er ikkje alltid ei krone lenger – det nominalistiske prinsipp, jfr.

Rt. 1988 s. 276 Røstad (DS)

7.3 *Kontraktar om pengeskyldnader. Lån*

Særlege rettleiings- og frårådingsplikter i finansavtalel. § 15, § 47

7.4 *Renter*

Renteplikt for kreditt?

Nei, rente krev særleg heimel, men kan tolkast inn i ein kontrakt. Jf. likevel punkt 26.4.

I praksis alltid avtalt i låneforhold

Einsidig kompetanse til å endre renta etc. i låneforhold, sjå finansavtalel. § 49 andre og tredje ledd

7.5 Pengeskyldnader i framand mynt

Gbl. § 7

7.6 Oppgjersmåtar

Formell hovudregel: i setlar og mynt

Den praktiske hovudregel (?): ved overføring til konto, finansavtalel. § 38, husleigel. § 3-3
Sjekk

7.7 Oppgjersstad og –tid

Kor skal oppgjer skje, og når er oppgjer skjedd? Skjæringspunktet

Finansavtalel. § 39

Betalingsstad: formell hovudregel: gbl. § 3 – hos kreditor

Fkjøpsl. §§ 38 og 39

7.8 Oppfyllingstid/betalingstid

Oppfyllingstida er utløpet av den dagen betaling skal skje.

Påkravsregel gbl. § 5 første ledd andre punktum: ”straks”

I kontrakt er hovudprinsippet yting mot yting (samtidig-prinsippet), sjå t.d. kjøpsl. § 10 og § § 49 første ledd, jf punkt 18.2.

Elles kontraktsregulering: oppseiing, fastsett dato, fastsett frist.

7.9 Frigjeringstid

Frigjeringstida er når skyldnar har rett til å betale med frigjerande verknad (betalingsrett).

Hovudregel: Gbl. § 5 første punktum: ”so snart han vil”

Preseptorisk regel i kredittkjøp, kredittkjøpsl. § 11 første ledd: ”når som helst”

Elles avtaleregulering

7.10 Forfallstid

Forfallstid er (gjerne) tida for betalingsplikt.

I prinsippet eit tolkingsspørsmål av uttrykket, men forfallstid vil typisk vere same dag som oppfyllingstid, likevel frå morgonen den dagen (ikkje utløpet).

Krav som følgje av kontraktsbrot forfell samstundes med at dei oppstår (Rt. 1992 s. 504
Factoring Finans).

8 STAD OG TID FOR OPPFYLLING AV REALSKYLDNADER

8.1 Oppfyllingsstad for ulike typar realskyldnader

Variere med kontraktstypen og kontrakten

Kjøpsl. §§ 6 og 7

Leige og lån

Entreprise – der den faste eigedommen er

8.2 Oppfylgingstid for realskyldnader

Kan vere resultat- eller innsatsskyldnad

Yting mot yting, jf punkt 7.8.

Avtalt tid

Avtalt tidsspelerom - tolkingsspørsmål

Bustadoppføringsl. § 10 tredje ledd – innsatsskyldnad for starttidspunkt og for varigheit, sjå

Rt. 2011 s. 679 Krusesgate

9 SÆRLEGE OPPFYLLINGSSPØRSMÅL

9.1 Delvis oppfylging

Kan truleg stort sett avvisast slik at det inntreer total forseinking

9.2 Oppfylgingstilbod på vilkår

Oppfylgingstilbod på vilkår (betinga tilbod) er ikkje frigjerande

Rt. 2006 s. 31 Prisavslag og tilbakehaldsrett. Kreditormora, sjå punkt 18.3

9.3 Oppfylging med atterhald

Atterhaldet vil vere eit varsel om at etterfølgjande tilbakesøkingsskrav kan kome, elles ingen verknad.

9.4 Endeleg oppgjjer og tilleggskrav

Sluttoppgjjer i entreprise – bindande slutfaktura, bustadoppføringsl. § 48 andre ledd

Generelt er ikkje ei tilynelatande sluttrekning bindande for pengekreditor. Men passivitetsverknader kan tenkjast

DEL III ENDRING AV KONTRAKTARS INNHALD

10 OMLEGGING OG BORTFALL AV KONTRAKTSSKYLDNADER - GENERELT

10.1 Utgangspunkt: endra forhold og andre behov enn ein visste om på avtaletidspunktet

Innhaldsspørsmål – endra innhald av kontraktar

Grunn til problemet: Kontraktar etablerer vanlegvis skyldnader som skal oppfyllast seinare enn på avtaletidspunktet

10.2 Oversyn over omleggings- og bortfallsgrunnar

Avbestilling og oppseiing, kontraktsrevisjon etter avtl. § 36 og læra om brestande føresetnader

Kva med force majeure?

10.3 Avtalt omlegging av kontraktsskyldnader

Svært vanleg

11 AVBESTILLING OG OPPSEIING MM

11.1 Kva er avbestilling

Avbestilling er at realkreditor erklærer at ho ikkje vil motta real-(natural-)oppfylling
Avbestillingsrett ligg føre når realdebitor då må innstille oppfyllinga, sjå kjøpsl. § 52 første og andre ledd.

Avbestillingsrett kan vere med eller utan plikt til å yte skadebot (bm: erstatning) til realdebitor
Utmåling: subtraksjonsmetoden (eller addisjonsmetoden? – handverkartenesetel. § 40 og bustadoppføringsl. § 52). Koplinga til positiv kontraktsinteresse ved kontraktsbrot.

Hovudregel: ein realkreditor har ikkje avbestillingsrett

11.2 Avbestillingsrett i tilverkingskontraktar

Bustadoppføringsl. § 52, handverkartenesetel. § 39 og § 40, kjøpsl. § 52 andre ledd

Bustadoppføringsl. § 52 tredje ledd: Tapt fortjeneste erstatta: Rt. 2003 s. 486 (4-1) Avbestilt Block Watne typehus

Bustadoppføringsl. § 52 fjerde ledd: sosialt unntak frå skadebotplikta

Avbestillingsgebyr ikkje revidert: bustadoppføringsl. § 54 – Rt. 2010 s. 1104 og Rt. 2010 s. 1112

Generell regel for tilverking?

11.3 Avbestillingsrett i andre kontraktstypar. Angrerett

Heilt generell avbestillingsrett (fram til levering): fkjøpsl. § 41, sml kjøpsl. § 52 andre ledd

Angrerett (også etter levering), jf angrerettsl. 2000/105 § 11 – sjå fkjøpsl. § 42

11.4 Oppseiingsrett i varige (vedvarande) kontraktsforhold

Rt. 2003 s. 134 Inkassoavtale: Utfylt med ”generelle kontraktsrettslige prinsipper” at det kan skje oppseiing

Ikkje krav på erstatning av oppfyllingsinteresse

Vern mot usakleg oppseiing, arbeidsmiljøl. § 15-7, husleigel. § 9-5 første ledd d

12 OMLEGGING: AVTALTE MEKANISMAR

12.1 Endring av pengeskyldnaden: Indeksering av vederlaget

Vanleg i mange relativt langvarige kontraktar, t.d. entreprise

Ulike typar indeksar

Sjå døme i lovgiving: husleigel. § 4-2

12.2 Endring av realskyldnaden: Endringsordresystem

Typisk i store tilverkingskontraktar

Entreprise, fabrikkasjon

Sjå i lovgiving: bustadoppføringsl. § 9, § 11 første ledd (a) og § 42

12.3 Force majeure-klausular

Typisk i kjøp og entreprisekontraktar

Vilkårssida liknar strukturelt kontrollansvarsreguleringar

Gjerne med liste over force majeure-tilfelle: krig, naturkatastrofe, arbeidskonflikt etc
Streik praktisk mest viktig

Verknadssida vil typisk vere forlenging, omlegging og/eller bortfall av skadebot

Sjå bustadoppføringsl. § 11 første ledd (c) tredje ledd

12.4 Hardship-klausular

Vilkårssida kan likne force majeure-klausular

Verknadssida: forhandlingar for å gjenopprette balansen, sml avtl. § 36 + avtalt tvisteløysing

13 KONTRAKTSREVISJON

13.1 Spørsmål om å endre kontraktsinnhaldet

13.2 Det sentrale revisjonsgrunnlaget: Avtalelova § 36

Plenumsdommane Rt. 1988 s. 276 Røstad (DS) og Rt. 1988 s. 295 Skjelsvik (DS)

Rettspraksis er avgjerande

13.3 Alternativt revisjonsgrunnlag: Læra om brestande føresetnader

Rt. 1999 s. 922 Salhus (3-2) (DS), sjå Aarbakkess dissens, jf Rt. 2000 s. 610 Breivik (DS)
fallskjermavtale.

Rt. 2010 s. 1345 (3-2) Vegsalt avsnitt (61) – (65) motiverande, synbar føresetnad som er relevant (heilskapsvurdering)

13.4 Avtl. § 36: Hovudinnhald

Ordlyden

Konkret vurdering av om det er riktig å fasthalde oppfylling

Det samla resultatet av kontraktsforholdet er utgangspunkt for skjønnet

Urimeleg er ”i seg selv et ganske strengt kriterium”

Verknad: gjere innhaldet rimeleg, ved tilsidesetjing, eller endring, eller å kjenne avtalen ugyldig

13.5 Grensa tolking/revisjon og utfylling/revisjon

Sjå punkt 4.3, 4.6 og 4.5

Rt. 1991 s. 220 Sollia/Risvollan (DS): Revisjon basert på tolking

Rt. 1997 s. 160 OL-gensar

13.6 Kva er eit rimeleg kontraktsinnhald? Målestokkar

Lovgiving, jf t.d. Rt. 1988 s. 276 Røstad (DS)
 Kontraktspraksis, jf t.d. Rt. 1988 s. 276 Røstad (DS)
 Marknadspris, jf Rt. 1993 s. 1497 Burettslagsleilighet

13.7 Akseptable avvik frå det rimelege ut frå kontraktstypar

Rt. 2000 s. 1800 Bustadvilkår

13.8 Akseptable avvik ut frå partstypar: Profesjonelle og forbrukarar

Rt. 2000 s. 806 Konesjonskraftpris (DS)
 Rt. 2003 s. 1132 Norrønafly avsnitt (46)

13.9 Urimeleg vederlag

For høgt vederlag: Rt. 1993 s. 1497 Burettslagsleilighet
 Urimeleg lågt vederlag, sjå pkt 13.12

13.10 Andre urimelege enkeltvilkår

Ansvarsavgrensing: Rt. 1994 s. 626 Speditør, sjå avsnitt 30.2

13.11 Forholda ved avtaleinngåinga

Rt. 2000 s. 1800 Bustadvilkår

13.12 Etterfølgjande forhold

Fall i pengeverdien: Rt. 1988 s. 276 Røstad (DS) og Rt. 1988 s. 295 Skjelsvik (DS)

13.13 Verknaden av revisjon: sluttresultatet

Verknaden må ta utgangspunkt i føremålet med regelen: rette opp så langt det er urimeleg, men rimeleg sluttresultat. Rt. 1993 s. 1497 Burettslagsleilighet (frå 660.000 til 500.000)
 Rt. 2007 s. 862 (2-2-1) Dagbot peismontering

Heil eller delvis tilsidesetjing av eit *vilkår*: Rt. 1993 s. 1497 (dissens) Burettslagsleilighet

Endring i kontrakten Rt. 1988 s. 276 Røstad (DS) – indekssklausul, Rt. 1998 s. 1683 (3-2)
 Reforhandling kraftleveranse. Mindretalet s. 1701

Heil eller delvis tilsidesetjing av *kontrakten* Rt. 1995 s. 1540 Sinnssvekka kausjonist

DEL IV KONTRAKTSBROTSSPØRSMÅL

14 KONTRAKTSBROTSSPØRSMÅL - GENERELT

14.1 Er kontrakten ikkje oppfylt etter sitt innhald?

”Oppfyllingssvikt” – ”objektivt avvik frå riktig oppfylling”, (slik kontrakten gjeld på oppfyllingstidspunktet etter revisjon etc), slik Hagstrøm s. 314, 2. utg. s. 327 (og Hov s. 45 - 46)

Årsaka er uinteressant.

Dette omgrepet er problematisk og (truleg) unødvendig, jf punkt 14.3

14.2 Litt terminologi

Kontraktsbrot, avtalebrot

Mishald (bm: mislighold) – høver godt for enkeltstående pengeskyldnader

14.3 Kontraktsbrotomgrepet

Ein bør følgje systemet (og språkbruken) i dei moderne kontraktslovene, sjå kjøpsl. § 22

Sjå Selvig/Lilleholt: Kjøpsrett s. 126: kontraktsbrot i kjøpslova er ”*avviket frå riktig oppfyllelse*”. Altså det Hagstrøm 2. utg. s. 326-327 kaller oppfyllingsvikt.

Men sjå eit anna system i bustadoppføringsl. § 17 – tilleggsfristar etter § 11

Kontraktsbrot er generelt grunnvilkåret for alle kontraktsbrotsverknader (eller kontraktsbrotskrav)

14.4 Forholdet til kreditors kontraktsbrot og kreditormora

Sjå t.d. kjøpsl. Kap. VII ”kontraktbrudd frå kjøperens side”. Sjå punkt 28

14.5 Litt om kompleksitet og strukturering av analysane

Vi har

Ulike typar kontraktar

Ulike typar kontraktsskyldnader

Ulike typar kontraktsbrot

Ulike typar kontraktsbrotsverknader

Alle inndelingsgruppene kan brukast og kombinerast når ein skal ordne stoffet

14.6 Tredeling av typar kontraktsbrot

Gjeld tredelinga vidare enn kjøp? Ja, høveleg generelt utgangspunkt.

- Forseinking (grunnkategorien)
- Mangelfull oppfylling
- Andre typar kontraktsbrot (restkategorien)

14.7 Ulike risikoomgrep

Vederlagsrisiko – kjøpsl. §§ 12 og 13 - kjøpesumspørsmål

Oppfyllingsrisiko - skadebotspørsmål

Skaderisiko – samla eller delt overgang, katastrofeunntak i entreprise

Om ulike risikoomgrep, sjå Mestad: Om force majeure og risikofordeling i kontrakt s. 7-12

14.8 Er det særleg avtalte kontraktsbrotsverknader?

Fristforlenging, dagbot, sjå punkt 30

14.9 Kontraktsrettens system av kontraktsbrotsverknader

T.d. f.kjøpsl. § 19, § 26 og § 43, sjå Selvig/Lilleholt: Kjøpsrett pkt. 9.6

Alternative verknader

Kumulative verknader

Kven har valretten? Kreditor (men retteretten kan avskjære)
Uttømande lovregulering av verknader? Nei, generell supplering, t.d. med avvising (ulovregulert)

Annan terminologi: kontraktsbrot*skrav*, misligholdsbeføyelser

14.10 Gjensidigheitsverknader

Defensive verknader: tilbakehaldsrett, prisavslag, heving

14.11 "Offensive" kontraktsbrotsverknader

Fasthalding, skadebot for oppfyllingsinteressa, omlevering og retting, sjå Selvig/Lilleholt: Kjøpsrett s. 106 og Hov s. 47-48

Jf prinsippet om at kontrakten er bindande etter sitt innhald

15 ULIKE TYPAR KONTRAKTSBROT VED REALSKYLDNADER

15.1 Forseinking (inkludert ikkje-oppfylling)

Sjå formuleringa i innleiinga i kjøpsl. § 22, jf § 22 andre ledd, fkjøpsl. § 19

15.2 Mangelfull oppfylling

Resultatskyldnader og innsatsskyldnader

Profesjonsansvar (streng innsatsskyldnad)

Avvik frå det avtalte eller det ein kunne forvente

Rt. 2008 s. 963 Rottedommen: Ikkje mangel, jf avhendingsl. § 3-9

15.3 Tidspunktet for mangelsvurderinga

Leveringstidspunktet i kjøp, jf kjøpsl. § 21, fkjøpsl. § 18

Vedvarande kontraktar – heile tida, jf. husleigel. § 5-7

15.4 Andre typar kontraktsbrot. Brot på sideskyldnader (biforpliktelser)

Typisk aktløysevurdering, forsvarleg-vurdering, t.d. brot på varslingsplikt (Rt. 1970 s. 1059 Knutelin)

Manglar gjerne regulering av kontraktsbrotsverknader

Kan ofte følgje vanlege skadebotreglar

16 KONTRAKTSBROT VED PENGESKYLDNADER

16.1 Forseinka betaling (og ikkje-betaling)

Mykje enklare enn ved realskyldnader

Sjå punkt 26

16.2 Delvis betaling

Avvising eller ikkje. Rentespørsmålet

17 VERKNADER AV KONTRAKTSBROT. BORTFALL AV VERKNADER

17.1 *Tilleggsvilkår til kontraktsbrotet*

For å gjere gjeldande kontraktsbrotsverknader

17.2 *(For-)undersøkingsplikt og manglar*

Kjøpsl. § 20 første og andre ledd, avhendingsl. § 3-10 første og andre ledd

Forholdet til seljars opplysningsplikt, jf § 3-10 tredje ledd

17.3 *Reklamasjonsplikt ved manglar og forseinking*

Kjøpsl. §§ 31-33, § 23 tredje ledd, § 29, § 52 tredje ledd, § 59, § 85. Spesiell reklamasjon i §§ 35 og 39

Tilsvarande, men litt enklare i andre kontraktslover

Tre spørsmål ved analyse av reklamasjonsfristar: Friststartpunkt, fristlengde og fristavbrot (form og innhald av reklamasjonen)

Allmenne reklamasjonsprinsipp – utslag av allmenne lojalitetskrav

17.4 *Avkall på kontraktsbrotsverknader*

T.d. full betaling etter å ha fått kjennskap til ein mangel

17.5 *Passivitet*

Rt. 1992 s. 504 Factoring Finans: Kontraktsbrotskrav oppstår når kontraktsbrotet skjer (Dommen gjeld direkte motrekning)

Rt. 1992 s. 295 Custos. Passivitet gjorde at selskap mista retten til å fasthalde

18 TILBAKEHALDSRETT (DETENSJONSRETT)

18.1 *Debitors rett til å halde tilbake eiga yting*

Gjeld både ting og pengar, og tenesteyting

Kjøpsl. §§ 10 og 42, fkjøpsl. §§ 9, 20 og 28

Bustadoppføringsl. § 56 og § 24

18.2 *Yting mot yting-prinsippet*

Grunnleggjande prinsipielt utgangspunkt

Det blir fråvike ved avtalt forskotsbetaling og ved kreditt (etterskotsbetaling)

18.3 *Omfanget av tilbakehaldsretten*

Avhendingsl. § 4-15

Rt. 2006 s. 31 Prisavslag og tilbakehaldsrett. Kreditormora

18.4 *Verknader av å utøve tilbakehaldsretten*

Kan vere svært effektivt: Utøveren sikrar sin posisjon, og skaper oppfyltingspress på den andre

19 FASTHALDING. NATURALOPPFYLLING

19.1 *Dom for naturaloppfylling av realskyldnader*

Prinsipielt utgangspunkt. Men upraktisk i mange kontraktsforhold
Kjøpsl. § 23 første ledd første punktum, jf andre ledd, avhendingsl. § 4-2, fkjøpsl. § 21, husleigel. § 2-9

Forholdet mellom fasthalding ved forseinking og ved manglar/retting

19.2 *Unntak ved personleg prega ytingar*

19.3 *Unntak ved vesentleg misforhold. Umogelegheit*

Kjøpsl. § 23 første ledd andre punktum, fkjøpsl. § 21 andre ledd

Ein generell regel?

19.4 *Unntak ved tidsbundne ytingar etc.*

19.5 *Pengekrav*

Kjøpsl. § 52 første ledd

20 RETTING OG OMLEVERING VED MANGLAR

20.1 *Innleiing. Krav på retting og krav på å få rette*

Er retting ein type fasthalding?
Rettingskrav er ganske moderne i lovgivinga
Vanleg i kontraktspraksis, særleg ved tilverking

20.2 *Forholdet mellom retting og andre kontraktsbrottskrav*

Fkjøpsl. § 29 andre ledd
Rt. 2006 s. 179 (3-2) Stiletthældommen: retting kunne avskjære omlevering

20.3 *Krav på retting som kontraktsbrottsverknad*

Kjøpsl. § 34, jf. § 35, handverkartenestel. § 24, avhendingsl. § 4-10 andre ledd, fkjøpsl. § 29
Bustadoppføringsl. § 32 retting av mangel og (følge-)skade

20.4 *Avtalt krav på retting: garantiar*

Tolking av garantiar *kan* vise at dei er ansvarsavgrensingar
Funksjonsgaranti, kjøpsl. § 21 andre ledd andre punktum

20.5 *Realdebitors krav på å få rette - retteretten*

Kjøpsl. § 36, handverkartenestel. § 24 andre ledd, avhendingsl. § 4-10 første ledd
Rt. 2006 s. 1076: Seljars aktivitetsplikt ved å tilby retting

20.6 *Omlevering*

Typisk for massevarer
Kjøpsl. § 36, fkjøpsl. § 29

21 PRISAVSLAG VED MANGLAR

21.1 Objektiv forholdsmessig prisreduksjon

Det prinsipielle forholdet til skadebot

Rt. 2003 s. 612 Arealsviktdommen (DS)

21.2 Vilkåra for prisavslag

Objektive

21.3 Ulike utmålingsmåtar for prisavslag

Kjøpsl. § 38 – forholdsmessig reduksjon

Husleigel. § 2-11 andre ledd - forholdsmessig

Avhendingsl. § 4-12 første og andre ledd

Rt. 2006 s. 1076: Prisavslag sett til utbetningskostnader

Rt. 2010 s. 1395: Prisavslag sett til forholdsmessig verdireduksjon, § 4-12 første ledd gjekk foran andre ledd

22 HEVINGSRETT OG HEVINGSOPPGJER VED FORSEINKING OG MANGLAR

22.1 Kva er heving? Omgrepet. Hevingserklæringa

Definisjon: Oppheve partanes gjensidige rett og plikt til å oppfylle (in natura), jf kjøpsl. § 64, avhendingsl. § 4-4

Og evt. tilbakeføring av det som er ytt

Særkilt hevingserklæring, kjøpsl. § 39 andre ledd

Kan hevinga omfatte meir enn den tingen som kontraktsbrotet gjeld?

Ja: Rt. 2005 s. 257 EpiLight (DS): Heving òg for massasjeapparatet

22.2 Generelt vilkår: kontraktsbrotet må vere vesentleg

Kjøpsl. § 39 første ledd, avhendingsl. § 4-3 første ledd, sml. fkjøpsl. § 32

Samansett heilskapsleg vurdering: ”rimelig grunn for ... å si seg løst fra kontrakten” (Rt. 1998 s. 1510 Hussopp (DS)), sjå no Rt. 2010 s. 710 (41) – (55)

Vesentleg-vurderinga: (1) relevante forhold, sjå punkt 22.3 og 22.4, (2) avveging av forholda (inkludert alternative kontraktsbrotsverknader)

Klargjering gjennom tilleggsfristsystemet ved forseinking, t.d. kjøpsl. § 25 andre ledd

Alternative verknader: Rt. 1998 s. 1510 Hussopp (DS): Forholdet mellom prisavslag og heving. Prisavslag godt nok.

22.3 Vesentleg: Forholdet mellom ytinga og det avtalte

Det sentrale: det objektive avviket frå kontraktsmessig oppfylting – ”karakter og omfang”, jf Rt. 2010 s. 710 (44) og (51)

Rt. 2005 s. 257 EpiLight (DS): Utgangspunkt i det som framgår av avtalen, ikkje i kva som er fysisk mogeleg

22.4 Vesentleg: Også relevant med forhold på debitorsida og kreditorsida

Skyld

Passivitet

Mindre verknad for kreditor

Rt. 2006 s. 522 Kraftleveranse: forhold hos partane - ikkje hevingsrett (uklar kontraktstype "almennelige obligasjonsrettslige prinsipper")

Rt. 1999 s. 408 Manglande garasje (DS): sein avklaring av hevingskrav – ikkje hevingsrett (s. 422)

22.5 Alternative hevingsvilkår: feilslått formål etc.

Kjøpsl. § 26

Handverkartenenestel. § 15?

22.6 Hevingskrav når kontrakten er oppfylt overfor mishaldaren

Realyting oppfylt, kjøpsl. § 54 fjerde ledd – berre heving ved atterhald eller avvising

Tilsvarande, men med ei viss utviding, avhendingsl. § 5-3 fjerde ledd

22.7 Hevingsoppgjer. Restitusjon

Kjøpslov §§ 64-66

Rt. 2002 s. 173 A-Møbler (DS): lineær nyttevurdering ved heving (kjøpsl. § 65, no fkjøpsl. § 50). For næringskjøp, sjå Rt. 2005 s. 480 (skjønsmessig nyttevederlag)

22.8 Heving ex nunc eller ex tunc

Problemet når realytingar etter sin art ikkje kan tilbakeførast

Hovudregel: heving ex nunc (frå no og framover), og vederlag pluss evt. andre

kontraktsbrotsverknader for det som alt er ytt. T.d. i entreprise, bustadoppføringsl. § 21 første ledd

Unntak heving ex tunc (retroaktivt) handverkartenenestel. § 15 andre ledd andre punktum og § 26 andre ledd tredje punktum

Kan nok generaliserast for særleg grove forhold

22.9 Delvis heving

Problemet om ein part med full hevingsrett kan velje å heve berre for ein del "skumme fløyten"

Etter kjøpsl. ja, jf §§ 43 og 44

23 SKADEBOTSPØRSMÅLA VED FORSEINKING OG MANGLAR - GENERELT

23.1 *Vilkåra: Kontraktsbrot pluss vanlege skadebotvilkår (ansvarsgrunnlag, årsakssamanheng og tap)*

23.2 *Forholdet til andre kontraktsbrotsverknader*

Skadebot kan kumulerast med alle andre verknader, men skadebotvilkåra må vere oppfylt

23.3 *Korleis drøfte ansvarsgrunnlaga?*

Rekkjefølgje

Har vi eit allment ulovfesta ansvarsgrunnlag eller ansvarsprinsipp i kontrakt?

23.4 *Forholdet mellom objektivt ansvar med force majeure-unntak og kontrollansvaret*

Dei er omtrent det same dersom ein legg til grunn Rt. 1970 s. 1059 Knutelin som uttrykk for eldre rett

24 ULIKE ANSVARSGRUNNLAG FOR FORSEINKINGS- OG MANGELSANSVAR

24.1 *Kontrollansvar. Grunnvilkåra*

Kjøpsl. § 27: forseinkingsansvar – kjent heilt frå første avdeling

Objektivt ansvar med visse unntak

Gjeld berre direkte tap, jf § 27 fjerde ledd.

Kontrollansvar i dei fleste nye kontraktslovene: kjøpsl., handverkartenestel. § 28, avhendingsl. § 4-5 og § 4-14, bustadoppføringsl. § 19 og § 35, husleigel. § 2-13, fkjøpsl. § 24

Kontrollsfære høver godt i føretak (juridiske personar)

24.2 *Kontrollansvar for manglar*

Rt. 2004 s. 675 Agurkpinne (DS), sml. fkjøpsl. § 33, sjå punkt 24.8

24.3 *Kontrollansvar for (under-)leverandørar/kontraktsmedhjelparar*

Kjøpsl. § 27 andre ledd

Ikkje tilsvarende i dei andre kontraktslovene

24.4 *Culpa-ansvar (vanleg aktløyse)*

Gjeld alltid om ein ikkje har grunnlag for anna

Kjøpsl. § 27 femte ledd, § 40 tredje ledd (a)

24.5 *Culpa-ansvar med omvendt bevisbyrde*

Sjå t.d. fkjøpsl. § 34 andre ledd

Kven kan best klarleggje årsakene til kontraktsbrotet

24.6 Kontraktshjelpansvar. Identifikasjon i culpavurderinga

Funksjonen av kontraktshjelpansvar
Vegfraktavtalel. § 6

24.7 Grove skyldformer: Forsett og grov aktløyse

Forsett i kontraktsretten – komplisert: kva skal forsettet omfatte?

Rt. 1995 s. 486 Frese og boremaskin: Grov aktløyse, jf vegfraktavtalelov. § 38, jfr. § 27 og § 32

24.8 Reint objektivt kontraktsbrotsansvar

Forbrukarkjøpsl. § 33 (mangelsansvar), jf likevel § 34 andre ledd og § 52

Pengemangel

Rettsmistak (bm: rettsvillfarelse)

Rt. 1994 s. 1617 Fabrikktomta (DS): Urettmessig heving. Skadebot

24.9 Garantiansvar

Kjøpsl. § 40 tredje ledd bokstav b

Rt. 2005 s. 257 EpiLight (DS) ”tilsikret”

24.10 Kva er den allmenne kontraktsrettslege ansvarsregelen for resultatSkyldnader?

For innsatsskyldnader generelt og for indirekte tap er regelen culpa

Paradoks: så mange kontraktsspørsmål er no lovregulert, så ein allmenn regel er mindre viktig
Og ansvaret er vanlegvis regulert i kontraktsvilkåra.

For resultatSkyldnader er regelen no truleg kontrollansvar for direkte tap

Kva med skiljet mellom genus- og spesiekontraktsskyldnader? Rt. 2008 s. 537 (3-2)
Augelinse avsnitt (58) – Skoghøys dissens

Smln. Hagstrøm 2. utg. s. 74 og s. 23 – og husl. § 2-13

25 ÅRSAKSSAMANHENG OG UTMÅLING. LEMPING

25.1 Innleiing. Utgangspunkt: krav på full dekning av tap (eller berre av direkte tap?)

Hovudregel: Krav på full dekning av det tapet som kontraktsbrotet har forårsaka (dersom det ligg føre ansvarsgrunnlag).

Samanlikne det som faktisk har skjedd med slik det ville ha vore ved kontraktsmessig oppfyljing. – Differansen

Positiv kontraktsinteresse – oppfyllingsinteressa

Men kontrollansvaret gjeld stort sett berre direkte tap (skal ein då ”endre” hovudregel?)

Fordi utmålingsreglane er generelle for alle typar kontraktsbrot og gjeld både ved heving og fasthalding, er dei vanskelege å konkretisere.

25.2 Årsakskravet. Positiv og/eller negativ kontraktsinteresse

Rt. 2002 s. 1110 Bodum (DS): Heving pluss negativ kontraktsinteresse pga skyldansvar

25.3 Adekvanskravet. Tapspostane må vere påreknelege

Pårekneleg-kravet er ei avgrensing av årsaksrekkja. Jf kjøpsl. § 67 første ledd andre punktum, fkjøpsl. § 52 første ledd andre punktum, bustadoppføringsl. § 36 første ledd andre punktum

Rt. 2004 s. 675 Agurkpinne (DS): Forholdet mellom påreknelegvurderinga og lemping
Det individuelt rimelege høyrer til lemping, jf kjøpsl. § 70 andre ledd

25.4 Økonomisk tap. Tapspostane

Fkjøpsl. § 52 første ledd: ”det økonomiske tapet”, kjøpsl. § 67 første ledd

25.5 Ekstraordinære kostnader

25.6 Indirekte tap: Tapt fortjeneste. Konsekvenstap

Kjøpsl. § 67 andre ledd, avhendingsl. § 7-1 andre ledd, husleigel. § 2-14 andre ledd

25.7 Fordelsfrådrag ved utmålinga (compensatio lucri cum damno)

Kan fråvikast ved grov skyld

25.8 Tapsavgrensningsplikt og kreditors innverknad på skadebotkravet

Kjøpsl. § 70 (1)

25.9 Lemping av kontraktsansvar

Kjøpsl. § 70 (2), handverkartenesetel. § 30 tredje ledd, avhendingsl. § 7-2, bustadoppføringsl. § 36 tredje ledd, husleigel. § 2-14 femte ledd, fkjøpsl. § 54 andre ledd

Allmenn regel?

SkI. § 5-2?

Rt. 2004 s. 1887 (3-2) Multiconsult (DS): Usemje om lempingsgrunnlag og -omfang

26 MORARENTE OG SKADEBOT VED BROTT PÅ PENGESKYLDNADER

26.1 Morarente – normalisert skadebot ved betalingsmishald

Morarentel. 1976/100 § 2 - forfall

26.2 Rentetap utover morarenta i desse krisetider

Morarentel. § 3 tredje ledd

26.3 Skadebot for anna tap enn rentetap e.l.

Ikkje morarente, men t.d. kjøpsl. 57 første ledd

26.4 Saknads(avsavns-)rente

Rt. 2002 s. 71 Rentedommen (DS). Rentetap dekt på ulovfesta grunnlag – prinsipielt interessant

26.5 Skadebot for kurstap

Gbl. § 7

26.6 Lemping av morarente til fordel for forbrukar

Morarentel. § 4 a)

27 VERKNADER VED FORVENTA (ANTESIPERTE) KONTRAKTSBROT

27.1 Problemet: Kontraktsbrotet er enno ikkje skjedd

Men dersom den eine parten oppfyller risikerer ho ikkje å få vederlaget.

27.2 Tilbakehaldsrett, stansingsrett, avbrot av førebuing til oppfylling

Kjøpsl. § 61 – ”framgår av en parts handlemåte ... ikke kommer til å oppfylle en vesentlig del av sine plikter”

27.3 Hevingsrett ved forventa kontraktsbrot

Kjøpsl. § 62 – ”klart at det vil inntre kontraktbrudd”

28 REALKREDITORS KONTRAKTSBROT OG KREDITORMORA

28.1 Realkreditors medverknadsplikter

Bustadoppføringsl. § 50, kjøpsl. § 50, fkjøpsl. § 40

Entreprise og fabrikkasjon har omfattande medverknadsplikter

28.2 Brot på medverknadsplikter: Kontraktsbrotsverknader

Kjøpsl. § 51 første ledd, bustadoppføringsl. § 55

28.3 Kreditormora elles

Rt. 2006 s. 31 Prisavslag og tilbakehaldsrett. Kreditormora (Jf punkt 18.3)

28.4 Verknader av kreditors kontraktsbrot og kreditormora for debitors oppfyllingsplikter

Suspensjon

28.5 Omsorgsplikt og liknande verknader for debitor

Kjøpsl. § 72 ff

29 DIREKTEKRAV MOT TIDLEGARE SALSLEDD ETC

A har kontrakt med B har kontrakt med C

C vil gjere gjeldande eit kontraktsbrotskrav mot A

Kjøpsl. § 84-86, handverkartenesstel. § 27, avhendingsl. § 4 -16, bustadoppføringsl. § 37, fkjøpsl. § 35

I analysen må ein (1) sjå på kontraktstypen i kvar relasjon, og (2) vurdere om C kan gjere gjeldande Bs krav utan omsyn til kva krav C sjølv har mot B (subrogasjonsmodellen – cessio legis), eller om ein må ta omsyn til krava i begge relasjonane (dobbelbegrensingsmodellen – springande regress)

Kjøpsl. § 84 byggjer på subrogasjonsmodellen (ikkje særleg godt uttrykt i ordlyden)

Rt. 1998 s. 656 Veidekke (DS) Grunnlag for direktekrav, men forelda
Rt. 2007 s. 1768 Direktekrav avskore etter NS 3431 punkt 43

Rt. 2008 s. 1078 Direktekrav basert på taktsmanns informasjonsansvar, jf Hagstrøm s. 808-809, 2. utg. s. 835-836

30 AVTALTE KONTRAKTSBROTVERKNADER

30.1 *Kontraksregulerte kontraktsbrotverknader. Komponert ansvar*

Korleis tilnærme seg desse spørsmåla

30.2 *Revisjon av ansvarsfråskrivning og -avgrensing. Avtl. § 36*

Allmenne rettsgrunnsetningar eller § 36

Rt. 1994 s. 626 Speditør

Konkret heilskapleg vurdering

30.3 *Ansvarsskjerping*

Finansavtalel. § 7 første ledd – forbod mot cross default

30.4 *Dagbøter og andre konvensjonalbøter*

Normalisert tapserstatning

Oppfyltingspress

Avskjæring av andre skadebotkrav – eit tolkingsspørsmål

31 AVSLUTNING

Hugs målet med studiet. Og formålet med kontraktsrettsfaget.

Korleis vise det til eksamen?